



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5260 - 22/3929

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
14.01.2022

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 121/1 Knarvik nord

Tiltak: Ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 121/1
Tiltakshavar: Thore Knarvik
Ansvarleg søkjar:

Vi stadfestar å ha mottatt dykkar klage på delegert vedtak i sak 21/5260 med saknr. 992/21, datert 08.10.2021, om dispensasjon frå forbodet mot å byggje på dyrka eller dyrkbar mark for oppretting av ny grunneigedom til bustadforemål på om lag 1500m² frå gbnr 121/1 med areal avsett til overflatedyrka jord i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad (KDP) føresegn 6.7 samt løyve til oppretting av ny grunneigedom til bruk for einebustad.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 19.01.2022. Møta vert i utgangspunktet halde på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvasnesvegen 40, 5914 Isdalstø. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Vestland) for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak i sak 21/5260 med saknr. 992/21, datert 08.10.2021 Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

Vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom. Det er ikkje søkt om oppmålingsforretning pr. dags dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å iverksette ein oppmålingsforretning før klagen på vedtaket om dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom er endeleg avgjort. Ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre, vil kunne føra til at oppmålingsforretning vert igangsett på feil grunnlag slik at dette vedtaket også må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og løyve til oppretting av ny grunneigedom.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

Thore Knarvik
Thore Knarvik

Knarvikgarden 71
Knarvikgarden 71

5955 LINDÅS
5955 LINDÅS

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 Leikanger